

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
041/14	Formannskapet	PS	05.03.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FA - U43, HistSak - 14/40	14/249

Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS - søknad om utviding av havbruksareal på Øksneset- Dispensasjon og uttale ..

Vedlegg:

Uttale- Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS - søknad om utviding av areal på Øksneset i Austrheim kommune

Uttale - Uttale vedr.søknad om utviding av areal på Øksneset i Austrheim kommune - Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS

Uttale vedr.søknad om utviding av areal på Øksneset i Austrheim kommune - Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS

Uttale - Fiskarlaget Vest - Søknad om endring av lokalitet Øksneset, Austrheim

Uttale vedr. - søknad om utviding av areal på Øksneset i Austrheim kommune - Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS (L)(112903)

Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS - søknad om utviding av areal på Øksneset i Austrheim kommune-Høyving

Følgjeskriv frå Hordaland FK

Oversiktskart

LOKALITET - Kart

Løyve til etablering av anlegg for oppdrett av laks og aure - lokalitet 30559 Øksneset - kopi av brev

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune gjev ikkje dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel i sjø til Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS til utviding av havbruksarealet på Øksneset mot sør som omsøkt. Grunngevinga er at omsøkt tiltak i sør ikkje er i tråd med arealformålet i kommuneplanen og omsøkt tiltak i FFNF-området vil her koma i strid med tradisjonelt fiske og friluftsliv i sjøområdet. Viser elles til saksutgreiinga.Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2 jamfør § 1-8. Naturmangfaldlova: Omsøkte tiltak i sør vil komme i konflikt med naturmangfaldslova på grunn av havoterbestanden i området og tiltaket kan difor ikkje gjennomførast. Grunngevinga står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i Naturmangfaldlova si §5- 7 og § 8-10. Uttale til søknad: Austrheim kommune vil peika på at det er viktig at alle ilane/fortøyningar frå matfiskanlegget ikkje på noko måte kjem i berøring med rekefeltet i arealdelen til Austrheim kommune sin kommuneplan.

Utvidinga av matfiskeanlegget mot nord er i Austrheim kommune i tråd med kommuneplanen, men uheldig ut frå havoterbestanden i området og i direkte konflikt med naturmangfaldlova. Austrheim kommune ynskjer av omsyn til skaldyr i området og på grunn av nærleiken til det store rekefeltet her eit forbod mot bruk av kjemikaliar som inneheld kitinhemmarar på dette havbruksanlegget. Desse punkta må inn som eit vilkår i eit eventuelt løyve frå Hordaland Fylkeskommune. Austrheim kommune meiner at omsøkte tiltak nært både holmar og landområde vil koma i direkte konflikt med naturmangfaldslova.

Formannskapet - 041/14

FS - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Austrheim kommune gjev ikkje dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel i sjø til Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS til utviding av havbruksarealet på Øksneset mot sør som omsøkt. Grunngevinga er at omsøkt tiltak i sør ikkje er i tråd med arealformålet i kommuneplanen og omsøkt tiltak i FFNF-området vil her koma i strid med tradisjonelt fiske og friluftsliv i sjøområdet. Viser elles til saksutgreiinga. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2 jamfør § 1-8. Naturmangfaldlova: Omsøkte tiltak i sør vil komme i konflikt med naturmangfaldslova på grunn av havoterbestanden i området og tiltaket kan difor ikkje gjennomførast. Grunngevinga står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i Naturmangfaldlova si §5- 7 og § 8-10. Uttale til søknad: Austrheim kommune vil peika på at det er viktig at alle ilane/fortøyningar frå matfiskanlegget ikkje på noko måte kjem i berøring med rekefeltet i arealdelen til Austrheim kommune sin kommuneplan. Utvidinga av matfiskeanlegget mot nord er i Austrheim kommune i tråd med kommuneplanen, men uheldig ut frå havoterbestanden i området og i direkte konflikt med naturmangfaldlova. Austrheim kommune ynskjer av omsyn til skaldyr i området og på grunn av nærleiken til det store rekefeltet her eit forbod mot bruk av kjemikaliar som inneheld kitinhemmarar på dette havbruksanlegget. Desse punkta må inn som eit vilkår i eit eventuelt løyve frå Hordaland Fylkeskommune. Austrheim kommune meiner at omsøkte tiltak nært både holmar og landområde vil koma i direkte konflikt med naturmangfaldslova.

Saksopplysninger:

Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS har søkt om utviding av havbruksarealet på Øksneset. Lokalitetsnamn er Øksnes / lok nr:30559. Verksemda ynskjer å utvida det noverande matfiskanlegget på lokalitet 30559 frå seks til ti ringar. Fire av ilane med strekk frå den eine omsøkte ringen frå havbruksanlegget vil i sør gå inn i areal avsett til Fiske-, ferdsel, natur-, og friluftsmål, det er såleis dette tiltaket som gjer at saka vert ein dispensasjonssøknad. Tre av ringane vert utvida mot nord og her er er omsøkt tiltak innafor området avsett i arealdelen til akvakultur (FFNFA), A står for akvakultur). Det omsøkte matfiskeanlegget vil få ein total lengde på om lag 900 x 100 meter. Forflåten på vestsida har ein storleik på 10 x 30 meter.

Austrheim kommune skal og gje uttale til søknaden før Hordaland Fylkeskommune gjev vedtak i saka. Dette skal skje innan tre månadar etter at kommunen fekk tilsendt saka frå fylkeskommunen. Me fekk saka i hende den 10.01.2013.

Søkjjar meiner at søknaden er i tråd med vedtatte arealplanar i kommunen og at tiltaket ikkje kjem i strid med naturvernlova eller kulturminnelova. Søkjjar opplyser om at grunngevinga for utvidinga deira er å «*kunne være meir rustet til biologiske utfordringer*». Kobbavik og Furuholmen Oppdrett AS opplyser også i søknaden sin om at det nye anlegget er teikna inn med 10 ringar, dette for å kunne takla framtidige avlusing og AGD behandling med f.eks H₂O₂. I dag har dei 6 ringar på denne lokaliteten. Dei søker ikkje om å utvida sin biologiske produksjon. Tillat biomasse på dette matfiskeanlegget er i dag på 3.120 MTB. MTB på lokaliteten er på 3120 tonn, det vert ikkje søkt om å endra denne. Verksemda UNI-Miljø SAM har gjennomført ein MOM-B undersøking av området omkring Øksnesanlegget og kome ut med ein miljørapport i desember 2013 som kartleggjer miljøforholda. Den konkluderer med «*Lokalitetstilstand 1- Meget God*». I 2011 vart det konkludert i ein MOM C- rapport før anlegget var teke i bruk at «*Lokaliteten har god resipientkapasitet og er godt egna til oppdrettvirksomhet.*»

Austrheim kommune vil peike på at mesteparten av utvidinga ligg i fleirbruksområde i kommuneplanen som og er avsett til akvakulturområde (FFNFA). Søkjjar meiner at søknaden ikkje treng konsekvensutgreiast. Søkjjar opplyser om at det er ingen rutegåande trafikk i området og at utvidinga ikkje vil ha konsekvens på farlei eller trafiktryggleiken til sjøs. Austrheim kommune har hatt søknaden ute til offentleg ettersyn i fire veker. Søknaden er kunngjort i lokalavsia og på heimesida på vanleg måte. Partar og offentlege instansar har fått brev om saka. Komplette søknad kunne alle interesserte få innsyn i ved venda seg til sørviskontoret i Austrheim kommune. Skriftleg merknad til søknaden måtte sendast til Austrheim kommune innan 20. februar 2014. Det er kome inn nokre merknadar.

Fiskarlaget Vest skriv mellom anna i sin uttale til søknaden den 04.02.2014 at: «det er registrert gyteområde for torsk vest om/i omsøkt område.» Dei skriv og at anker ikkje må koma til hinder for bruk av trålefeltet. Austrheim kommune har fått ein tydeleg tilbakemelding frå Fiskarlaget Vest i denne saka.

Kystverket vest skriv i sin uttale datert 11.02.2014 at: «Etter vår vurdering vil ikkje ein dispensasjon frå kommuneplanen for utviding av fortøyingsanlegget frå anlegget utgjera noko hinder i forhold til ferdsele på sjø.»

Austrheim kommune vil opplysa om at Kystverket Vest den 11.02.2014 på vilkår har gjeve løyve etter hamne- og farvannslova §§ 27 og 29. Kystverket peikte på at dei i vedtak den 20. mai 2012 gav løyve til etablering av noverande anlegg. Kystverket skriv og i vedtaket no at omsøkt utviding av anlegget ikkje er konfliktylt i forhold til navigasjoninstallasjonar eller til hinder for vanleg og påreknaleg ferdsele i sjøområdet. Kart som er vedlagt viser korleis det omsøkte matfiskeanlegget vert i sjøområdet:

Bergen og Omland Hamnevesen er orientert om søknaden og dei har opplyst oss om at det berre er Kystverket som skal gjeva uttale her.

Fiskeridirektoratet Region Vest skriv mellom anna at «*Ut frå vår kjennskap til fiskeriinteressene og det marine miljøet i området rår vi til at det vert gjeve løyve til utviding av areal, men vi føreset at fortøyingsystem ikkje vert lagt ut i registrert trålfelt.*»

Grunneigar Reidar Øksnes sin uttale er datert 21.02.2014. Han fekk forlenga fristen til å gje uttale med ein dag etter avtale med Austrheim kommune:

Han skriv mellom anna at «Slik anlegget ligg i dag er det til liten hinder for ferdsel i området. Men det er klart til ulempe for det fiske som historisk har vore dreve i området øst for Økseskjæra og Djupfluskjæra. Ei utviding med fire ringar norover vil i liten grad endra på dette. Utviding sørover mot Seisnappen vil gje eit klart snevrare fartsområde øst/vest frå Øksnes/Øyane mot Åråsvågen og indre farlei Kilstraumen og Bakkastraumen. Her er det stor trafikk av småbåtar særleg sommarhalvåret. Ei begrensing på denne farleia vil gripa inn i tankane om den ytre delen av kommunen som rekreasjons område. I tillegg vil utviding sørover gjere fiskeplassane i området Øksa og austover til Seisnappane unyttbare. Her er det tradisjonelt nytta til garn og teinefiske. Meiner at utvidinga sørover ikkje bør tillatast.»

Vurdering

Ved handsaming av dispensasjonssøknaden skal det vurderast om dei omsyna som ligg bak blir vesentleg tilsidesett. Det er omsynet til arealformålet i kommuneplanen sin arealdel som er vurderingstema her. Vidare skal det vurderast om fordelane ved å gje dispensasjonsløyve blir klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering. Nasjonale og regionale rammer og mål skal leggjast til grunn for avveging av interesser.

Det er omsynet til fiske, natur- landskap, friluftsliv og tilgjenge for allmenta som er vurderingstema i denne saka. Rådmannen vil peike på at den omsøkte plasseringa av sjølve ringane ligg innafor areal avsett til Fiske-, ferdsel-, natur-, friluftsliv-, og akvakulturområde i kommuneplanen til Austrheim kommune. Fire av ilane med strekk frå havbruksanlegget vil i sør gå inn i areal avsett til Fiske-, ferdsel, natur-, og friluftslivformål, dette tiltaket er ein dispensasjonssøknad sidan dette er i strid med overordna plan for dette sjøområdet. Rådmannen vil peike på at analysene som er gjennomførte i driftsfasen indikerer at miljøtilstanden er god i området. Kommunen ser såleis ikkje at omsøkt utviding av arealbruk på lokaliteten vil representere noko risiko for det marine miljøet. Rådmannen viser og til Fiskeridirektoratet region vest sin fagleg uttale til at søknaden ikkje kjem i konflikt med utøving av fiske. Rådmannen vil peike på at dette synspunktet deler ikkje dei som bur i nærområdet. Rådmannen peiker på at i kommuneplanen sin arealdel er det eit rekefelt frå Åråsvågen og ut Børildsosen som er rett på på austsida av oppdrettsanlegget. Rådmannen deler Fiskeridirektoratet sitt syn om det er viktig at det ikkje vert lagt ut fortøyingssystem og andre arrangement som kan hindre tråling i rekefeltet. Rådmannen er kjent med at deler av fortøyingssystema frå oppdrettsanlegget allereie kjem i berøring med rekefeltet i Børildsosen-Åråsvågen. Ved utviding av anlegget mot nord krev Rådmannen difor at nye fortøyingssystem vert lagt ut på ein måte som ikkje medfører ytterleg beslag av rekefeltet. Rådmannen deler grunneigar sitt syn om at ei utviding sørover av dette matfiskeanlegget vil gje eit klart snevrare fartsområde øst/vest frå Øksnes/Øyane mot Åråsvågen og indre farlei Kilstraumen og Bakkastraumen. Dette vil direkte gripa inn i kommunen sitt satsingsområde på friluftslivaktivitetar knytt til hav og sjø og havsportsatsinga. Rådmannen vil peike på at det her er stor trafikk av småbåtar og kajakkar heile året. Dette rekreasjonsområdet vil verta skadelidande med ei utviding av matfiskeanlegget sørover. Rådmannen vil og få fram at grunneigarar som kjenner området best har peikt på at ei utviding sørover som omsøkt vil gjere fiskeplassane i området Øksa og austover til Seisnappane unyttbare. Dette området er tradisjonelt nytta til garn og teinefiske. Rådmannen ser i at omsøkt tiltak i FFNF-området vil her koma i strid med tradisjonelt fiske og friluftsliv i dette sjøområdet. Omsynet til fiske, natur, landskap eller friluftsliv blir vesentleg tilsidesatt i denne saka om matfiskeanlegget vert utvida sørover som omsøkt.

Rådmannen vil peike på at næringsinteressene til søkjar vert teke med at matfiskeanlegget vert utvida mot nord, men at omsøkt tiltak mot sør vil føra til auka privatisering av området og fordelane ved å gje dispensasjonsløyve her blir klart mindre enn ulempene, etter ei samla vurdering. Etter ei samla vurdering meiner difor rådmannen at ei utviding sørover ikkje bør tillatast. Rådmannen rår såleis frå at det vert gjeve dispensasjon frå arealdelen til omsøkt tiltak sørover.

Vurdering etter naturmangfaldslova:

Rådmannen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova og denne er lagt dette til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Me har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

I Naturmangfaldlova si § 4 står det at: *«Målet er at artene og deres genetiske mangfold ivaretas på lang sikt og at artene forekommer i levedyktige bestander i sine naturlige utbredelsesområder. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet ivaretas også artenes økologiske funksjonsområder og de øvrige økologiske betingelsene som de er avhengige av.»* Kommunen finn at omsøkte tiltak i både sør og nord vil ut frå vårt kunnskapsgrunnlag koma i direkte konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland og Viltrapporten i kommunen. Av omsyn til oterbestanden i økosystemet som den oppheld seg i Børildosen og sjømrådet omkring er det uheldig med ei utviding av oppdrettsanlegg her. Austrheim kommune har saman med nabokommunane i Fensfjordbassenget ein av dei beste bestandane av havoter i Hordaland. Den viktigaste tilhaldstaden for denne arten er på øyane våre i nordvest og i sjøen omkring Børildosen og Grunnosen. Grunnosen er nemnd i viltrapporten som eit viktig næringsøkområde for oter, denne arten som er freda ynglar på Børilden. Både Grunnosen og Børilden er kartlagt som prioriterte viltområde i Austrheim kommune, Grunnosen som svært viktig lokalitet.

Det at leveområda til havoteren fort kan koma i direkte konflikt med næringsinteressene her vil føra til at oterbestanden i området kan verta råka hardt. Oteren likar laks og dette vert det konflikta av i samband med drift av slike store matfiskeanlegg. I slike samanhengar er det oteren som vert den tapande part. Kommunen finn at omsøkte tiltak i sør og nært både holmar og landområde vil koma i direkte konflikt med naturmangfaldslova. Utvidinga av anlegget mot nord er ikkje tema for Austrheim kommune etter plan- og bygningslova då dette ikkje er ei dispensasjonssak, kommunen gjer ikkje vedtak her, men me vil peika på at havbruksanlegget er uheldig for oterbestanden i området og for naturmangfaldet i dette sjøområdet. Bestanden har vorte livskraftig her dei siste ti åra.

Av omsyn til kort avstand mellom oppdrettsanlegget ved Øksneset og rekefeltet i kommuneplanen her, så krev rådmannen om at ein unngår bruk av kjemikalier som inneheld kitinhemmarar på matfiskeanlegget. Austrheim kommune er såleis oppteken av at avlusingsmidlar som inneheld kitinhemmere ikkje vert brukt på dette anlegget. Dette gjeld særleg her kor det er registrert verdifulle førekomstar av reke, kreps, krabbe og hummar. Rekefelt like aust av lokaliteten ved Øksneset må oppdrettsanlegget såleis ta omsyn til. Fiskeridirektoratet skriv mellom anna at: *«Vi har ikkje nyare data om rekeressursen i dette feltet, men vi veit at feltet har vore mindre nytta til tråling gjennom dei seinare åra, truleg pga. reduserte fangstar. Av omsyn til kort avstand mellom oppdrettsanlegget ved Øksneset og registrert rekefelt i Åråsvågen, ber vi om at ein utøvar særleg aktsemd ved bruk av kjemikalier som inneheld kitinhemmere.»* Rådmannen deler Fiskeridirektoratet sin føre var syn her når det gjeld bruk av avlusingsmiddel.

Rådmannen sitt syn til uttale til søknaden er at det er viktig at alle ilane/fortøyningar frå matfiskeanlegget ikkje på noko måte kjem i berøring med rekefeltet i arealdelen til Austrheim kommune sin kommuneplan. Austrheim kommune ynskjer og av omsyn til skalldyr i området og på grunn av nærleiken til det store rekefeltet her eit forbod mot bruk av kjemikalier som inneheld kitinhemmarar på dette havbruksanlegget. Desse to punkta må inn som eit vilkår i eit eventuelt løyve frå Hordaland Fylkeskommune.

Rådmannen finn at omsøkte tiltak nært både holmar og landområde vil koma i direkte konflikt med naturmangfaldslova. Dette må Hordaland Fylkeskommune ta med seg i handsaminga si vidare.

Konklusjon:

Austrheim kommune ynskjer ikkje ei utviding av matfiskeanlegget mot sør og gjev ikkje dispensasjon til dette tiltaket. Rådmannen viser elles til framlegg til vedtak etter plan- og bygningslova og etter naturmangfaldlova og uttale til søknaden.

